



UTDANNINGSFORBUNDET

HORDALAND

Uttale frå utdanningsforbundet Hordaland gjeldande *Forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring i HFK, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogram helse- og oppvekstfag ved Nordahl Grieg VGS.*

Utdanningsforbundet Hordaland meiner at det er positivt at det vert oppretta tilbod innanfor utdanningsprogrammet HO som kombinerer teori og praksis både for Helsearbeiderfag og for Barne- og ungdomsarbeiderfag. Me har ingen prinsipielle motførrestillingar dersom skulen og lærarane ynskjer dette tilboden.

Dette kan vere ein god veg inn mot høgare utdanning innan til dømes sjukepleie, vernepleie og barnehagelærarutdanninga.

Me meiner likevel at samfunnet også har bruk for fagarbeidrarar i desse viktige faga, og rådgjeving inn mot dei tradisjonelle fagløpa er viktig. Særleg ser me at modellen med fagbrev først og eit 4. påbygg til generell studiekompetanse er ei solid utdanning. Dette løpet fører også til at fleire vert fagarbeidrarar innan helse- og oppvekst. Hordaland fylke har satsa stort på å skaffe læreplassar ved mellom anna å tilsetje fem yrkesfagskoordinatorar dette året.

Tilboden som no er føreslått er avgrensa til *ein* vidaregåande skule i Hordaland, og såleis vil dette komme som eit supplement til fagarbeidarutdanningane som finst i resten av fylket. Elevgruppa vil, slik me ser det, vere teoristerke elevar med eit klart mål om høgare utdanning.

Fag- og timefordelinga slik den er skissert, vil gje elevane ei grundig innføring i yrkesutøving første året. Det verkar fornuftig med omsyn til motivasjon for eit teoritungt VG2. Vg3 vil ikkje ha teori knytt opp mot yrkesfaga, og her vil yrkesutøving og YFF utgjere ein stor del av timetalet. Ville det ha vore meir motiverande for gjennomføring dersom noko av yrkesteorien vart flytta til VG3, og at noko av yrkesfagleg praksis vert flytta frå VG3 til VG2? BUA får eit svært høgt timetal på VG3. Er det mogleg å sjå på timefordelinga for dette løpet på nytt?

Slik forslaget ligg no, vert det ikkje parallel-løp teori/praksis på VG3. Med tanke på tverrfagleg eksamen VG3, kan det kanskje vere ein fordel at det også er yrkesteori på dette nivået.

Me ser at elevane får mange eksamenar på VG3 . Kan ein vurdere å flytte noko til VG2?

Beste helsing
Utdanningsforbundet Hordaland
Turid Strømmen, leiar Medlemsråd VGO/fagskule